

STIFTINGA G-KULTUR

www.g-kultur.no

Oslo, 15.8. 2017

P R E S S E M E L D I N G

Stønad til kulturaktivitetar knytta til Gudbrandsdalen

Stiftinga G-Kultur har søknadsfrist **1. september** for stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Retningslinjer og søknadsskjema finn ein på nettsida til G-Kultur, www.g-kultur.no. Søknader blir behandla på styremøtet i G-Kultur 27. september.

Avduking av solur

Soluret frå Skjennungstua, den tidlegare lagshytta til Gudbrandslaget i Oslo, vart gjeve som gåve frå Stiftinga G-Kultur til Gudbrandsdalsmusea i 2016. Soluret blir nå sett opp på Hundorp i samarbeid mellom grunneigar Rasmus Stauri, Pilegrimsenter Dale-Gudbrand, Gudbrandsdalsmusea og G-Kultur, og det blir avdukingsarrangement søndag 10. september. Det kjem nærare informasjon om arrangementet.

Da var laget godt å ha

Forfattar og journalist Magnhild Bruheim vart engasjert av Stiftinga G-Kultur i 2015 til å skrive den samla historia om Gudbrandsdalslaget i Oslo (1920-2013). *Da var laget godt å ha* kan tingast ved å sende ei melding på lenka «Kontakt oss» på Stiftinga G-Kultur si nettside. Der finn ein også oversikt over bokhandlar og butikkar der boka kan kjøpast eller tingast. Boka kostar 200 kr., evt, porto med 100 kr. kjem i tillegg.

Kontakt for meir informasjon:

Knut Hovslien, styreleiar
Kjell Austin, sekretær
Lars Ole Ørjasæter, kasserar

knut.hovslien@online.no, 9719 5148
kaustin@online.no, 4150 9460
lars.ole.orjaseter@gmail.no, 9085 9406

Stiftinga G-Kultur

Stiftinga G-Kultur forvaltar midlane etter Gudbrandsdalslaget i Oslo som vart nedlagt i 2013, og har som formål å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Stønad blir gjeve både til amatørar og profesjonelle innan skapande og utøvande verksemd. Det blir teke ekstra omsyn til prosjekt og tiltak som har barn og unge som utøvarar og/eller målgruppe.